**Fra:** Karoline Hareide Breivik <Karoline.Hareide.Breivik@vlfk.no>
**Sendt:** fredag 11. august 2023 09:40
**Til:** Kari Torkildsen Utkilen
**Kopi:** Gunnbjørg Austrheim
**Emne:** VS: Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim - høyringsfrist

Hei,

I samband med at Austrheim kommune har sendt Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 frå steinalder til oljealder på høyring, er det lagt opp til å frå fylkeskommunen si side å få Kulturmiljøplanen handsama i Fylkesutvalet sitt møte 19. september 2023. Viser til tidlegare korrespondanse i saka under.

Austrheim kommune har lagt ut kommunedelplan, Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 frå steinalder til oljealder- til offentleg høyring med frist 20.08.2023. Vestland fylkeskommune bad om utsett frist i e-post sendt 05. juli for fråsegn i saka til 22. September, for behandling i Fylkesutvalet. Utsett frist er ikkje imøtekomme av dykk grunna behandling av saka i kommunestyret 21. september.

Det er mogeleg for Austrheim kommune å hente uttale ut frå behandlinga i KULII 30. august (hovudutval for kultur, idrett og inkludering), og leggje KULII si innstilling til grunn for kommunen sin behandling av saka i kommunestyret.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**
fagleiar, arealplan

Seksjon for kulturarv
Avdeling for kultur og folkehelse

Vestland fylkeskommune

Tlf: 57 63 80 36
Mob: 415 30 617
www.vestlandfylke.no

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*

**Fra:** Kari Torkildsen Utkilen <Kari.Utkilen@austrheim.kommune.no>
**Sendt:** tirsdag 1. august 2023 11:35
**Til:** Gunnbjørg Austrheim <Gunnbjorg.Austrheim@vlfk.no>
**Emne:** Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim - høyringsfrist

Hei!
Visar til epost der Vestland Fylke ber om utsett høyringsfrist til 22 .september 2023.

Vi har forståing for at det er lite gunstig å legge ut Kulturmiljøplanen til høyring i sommarmånadar, men kommunestyret i Austrheim ønskjer å ha saka fram til handsaming på siste møte 21. september.
Det er val og nytt kommunestyre trer i kraft etter den tid.

Er det mogeleg at de i administrasjonen sakshandsamar og kjem med framlegg til vedtak så snart det er ferdig, og sender dette til Austrheim kommune i god tid før 21. september. Kommunestyret i Austrheim kan vedta Kulturmiljøplanen med atterhald av vedtak i Fylkesutvalet 19. september.

Håper dette kan vere ein løysing som gagnar saka.

**Fra:** Gunnbjørg Austrheim <Gunnbjorg.Austrheim@vlfk.no>
**Sendt:** onsdag 5. juli 2023 13:27
**Til:** Post Austrheim
**Kopi:** Karoline Hareide Breivik; Sigrun Wølstad
**Emne:** Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 frå steinalder til oljealder

Hei,
I samband med at Austrheim kommune har sendt *Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 frå steinalder til oljealder* på høyring, ser vi at det er trong for å be om utsett frist jf. politisk handsaming.

Då saka vil bli handsama i Fylkesutvalet 19 september, ber vi om utsett frist til 22 september 2023.

Håper dette går greit!

Med helsing

**Gunnbjørg Austrheim**
seniorrådgiver

seksjon for kulturarv
avdeling for kultur og folkehelse

Vestland fylkeskommune

Tlf: 93285313
www.vestlandfylke.no

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*

. Vestland fylkeskommune ber Austrheim kommune om å melde tilbake med stadfesting av dette.

Med vennleg helsing

Kari Torkildsen Utkilen
einigsleiar kultur

Austrheim
OPNE LANDSKAP
OPE SINN

Tlf: 56162000/95942213
www.austrheim.kommune.no

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse. All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak-og arkivsystem.